

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 19.05.2016

SAKSHANDSAMAR: Anne Hilde Bjøntegård

SAKA GJELD: **Overordna beredskapsplan for Helse Fonna HF**

ARKIVSAK:

STYRESAK: **032/16**

STYREMØTE: **26.05.16**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF vedtek overordna beredskapsplan for Helse Fonna

Bakgrunn for saka

Styret i Helse Fonna HF stadfesta i sak 100/12 beredskapsplan for Helse Fonna. Regional beredskapsplan blei handsama av styret i Helse Vest RHF i september 2015 i sak 83/15. Beredskapsplanen for Helse Fonna frå 2012 er no revidert. Bakgrunn for revisjon er forskriftskrav om jamleg oppdatering av planverk samt nye føringar i nasjonalt og regionalt planverk.

Revisjonsarbeidet starta hausten 2015 med gjennomgang og oppdatering av risiko og sårbarheits analyse. Beredskapsplan er gjennomgått og revidert våren 2016. Arbeidet har vore organisert som eit prosjekt der klinikkdirektør for medisinsk service og beredskap har vore prosjektleiar. Representantar frå alle klinikkar og frå alle sjukehus har teke del i arbeidet. Styringsgruppa har bestått av toppleiinga, brukar-representant, tillitsvalde, verneombod og bedriftshelsetenesta. Utkast til plan har vore på intern høring i føretaket før endeleg plan vart ferdigstilt. Det vart òg informert om revisjonsarbeidet og innhald i ny plan i samhandlingsforumet som reviderer tenestavtale 11 29.03.16. I dette forumet er representantar for kommunar og føretak.

Planen bygger på dei fire overordna beredskapsprinsippa;

«**Ansvarsprinsippet**» Den verksemda som har ansvar for eit fagområde eller tenestetilbod i ein normalsituasjon, har ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og handtering av ekstraordinære hendingar. Ansvaret gjeld òg informasjon innanfor eige fagområde.

«**Nærhetsprinsippet**» Kriser skal handterast på lågast moglege nivå.

«**Likhetsprinsippet**» Den organisasjonen ein etablerer under kriser, skal vere mest mogleg lik den ein opererer med til dagleg, jf. ansvarsprinsippet.

«**Samvirkeprinsippet**» Alle verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Hovudendringar frå gjeldande plan:

- Beredskapsnivå er i tråd med føringar i regional plan endra frå nivå A, B,C til nivå grøn, gul, raud
- System for varsling og innkalling er tydeleggjort
- Organisering av kriseleiing er endra ved at skilje mellom sentral og lokal kriseleiing er tatt bort. Ansvar og rapportering følgjer linjene som i dagleg drift.
- Det er tydeleggjort at administrerande direktør (AD) eller den han delegerer det til er kriseleiar. Vakhavande overlege generell kirurgi Haugesund er kriseleiar inntil AD er på plass.
- Planen er korta ned ved at bakgrunnsinformasjon og utfyllande tekst er tatt ut eller lagt i vedlegg

Hensikt med beredskapsplan er å sikre at føretaket er i stand til å yte spesialisthelsetenester til dei som er råka av krise, og til befolkninga elles. Overordna beredskapsplan omhandlar

definisjon av krise, system for varsling og innkalling, definisjon av kriseleiar og kriseleiing, kven som skal kunne varslast via det automatiske telefonvarslingssystemet for gruppevarsling UMS (Unified Messaging System), samt korte generelle tiltakskort for desse. Planen gjeld uansett kva type hending som skulle skje.

Som vedlegg til planen vil det bli utarbeid korte delplanar for dei 16 kategoriar av hendingar som er risikovurdert til å kunne råke føretaket internt eller eksternt. (sjå vedlagte plan side 5). Delplanane vil omhandle informasjon om aktuelle strakstiltak - berekna på kriseleiinga, AMK, vakthavande legar, leiarar og andre som raskt vil ha behov for ei «huskeliste» over kva dei skal tenkje på når noe skjer. Det er utarbeid framdriftsplan og ansvarsfordeling for utarbeiding av delplanar. Varslingslister med namn og telefon nummer samt oversikt over lovgrunnlag og ansvarsforhold for beredskapsarbeidet vil òg vere vedlegg til overordna plan.

I tillegg til overordna plan med vedlegg skal den einskilde klinikk – område ha interne risiko analyser og planer for varsling og aksjon for sitt personell. Ansvar for dette ligg til den enkelte klinikk – område direktør. Klinikkvise planer vil bli revidert når føretaksplan med vedlegg er ferdigstilt.

Vedlegg:

Overordna beredskapsplan

Overordna risiko – og sårbarhetsanalyse